



# TRE FJORDAR

LAGSBLAD FOR: SGN OG FJORDANELAGET I OSLO  
NORDAHL BRUNS GATE 22, 0165 OSLO

NR. 2

2016

ÅRGANG 31



*Olav Kvam - 85 år  
.....og like sprek!*



*Hyttehelg og dugnad på  
Nordfjordhytta  
23. - 24. april*



*Dugnad på Pustut  
Laurdag 7. mai*



*Rekeselskap på Nordfjordhytta  
28.-29. mai*

Tre Fjordar, som Andreas Bjørkum i si tid gav namnet, har fått ny bladstyrar, Alv Reidar Dale, ein gammal trave...

Det er tida å takka Agnar Kvellestad som har vore redaktør for lagsbladet så lenge at me hugsar ikkje heilt når han tok til.

Han har gjort ein trufast og framifrå jobb med å henta inn stoff, skriva og fotografera sjølv og redigera og setja opp bladet.

**Stor takk!**

No er det min tur å gjera han det etter. Og med god hjelpe frå dei andre to i presse- og PR-nemnda, Elin Lovise Gjengedal og Ragnvald Halset, og innspel får lesarane, skal me få til eit bra lagsblad frametter også.

Velkomne med innlegg og meldingar til bladet!

*Alv Reidar Dale,  
bladstyrar*

## **Gode medlemmar!**

Vi har nettopp hatt årsmøte i laget, og eg vil takke Anny Sollid for innsatsen som leiar av laget i 2015. Spesielt vart det lagt ned ein stor innsats i samband med klubbefesten og markeringa av at det var 100 år sidan Nordfjordlaget vart skipa.

No er det min tur «å dra lasset» som leiar i laget, men i styret og elles i ulike verv har eg med meg mange erfarte og dyktige lagsfolk som kan «skubbe på».

Ringen er godt i gang med øvingane sine. Til våren, når det minkar på snøen, skal vi ha dugnader og andre tilskipingar på hyttene. På Nordfjordhytta vert det hyttehelg med dugnad 23.–24. april og rekeselskap 28.–29. mai. Og så er det dugnad på Pustut den 7. mai.

Klubbfesten er fastsett til laurdag den 5. november. Då skal vi feire at det er 100 år sidan skipinga av Sunnfjordlaget. Styret arbeider no med eit festprogram for det. Så dette vert den tredje hundreårsmarkeringa, i det tredje året på rad, sidan Sognelaget vart feira for to år sidan.

Nyleg hadde fylkeslaget vårt, Bygdelagsskipnaden årsmøte, og vi hadde tre utsendingar der. Det føregår for tida viktige diskusjonar om framtida for Bygdelagshuset, og fleire frå laget vårt har verv og gjer ein stor innsats for og i fylkeslaget.

Til sist ei oppmading til alle som har e-postadresse, men ikkje har gjeve den til laget. Send den gjerne (våre adresser står på baksida av avis), slik at vi kan bruke den ved utsendingane av avis og annan informasjon.

*Agnar Kvellestad  
Leiar*

# *Velkommen på lagshytten i vår!*

No i vår er det på hyttene det skjer, på  
**Nordfjordhytta**

- **23.–24. april:** Hyttehelg + dugnad

- **28.–29. mai:**

Rekeparty

Nordfjordhytta  
ligg utrøleg  
vakkert til på  
Solfjellet over  
Rykkin i Bærum,  
med vid utsikt  
over heile vestre  
Bærum og langt  
ut i Oslofjorden.  
Ta kontakt med

**Dagfinn Aa** om

du vil vere med på hyttehelga/dugnaden  
og/eller på rekelaget (sjå nr. på baksida).

- **Pustut (Sunnfjord-hytta)**

- **Laurdag 7. mai:** Dugnad  
(avhengig av snøtilhøva)

Sunnfjordhytta ligg svært fint  
til i sørrenden av Ormetjern ved  
Sinober i Lillomarka.

Ta kontakt med **Agnar Hegrenes** om du vil vere med på  
dugnaden (sjå nr. på baksida).



**FEIRING:** Og etterpå feira mange medlemmer at Nordfjordhytta var 55 år, 19. september 2015.



ALLE FOTO: Av Reidar Dale ©



**DUGNAD:** Og slik såg det ut då fleire frå laget hadde vårsreingjering på Pustut 10. mai 2014.

# *Olav Kvam* – 85 år... og like sprek!

**Lett på foten og stødig i dansen, kven  
skulle tru at Olav Kvam runda 85 år  
15. februar i år. I høve dagen og alle  
åra vart han feira med blautkake,  
blomar og godord på øvinga i ringen  
16. februar – sjå bileta.**



Olav er sogning og kjem frå Sogndal. Sitt yrkesaktive liv starta han på postkontoret i Lærdal og kom til Oslo i desember 1953 for å gå på Postskulen.

Etter endt skulegang vart det avdeling for brevpost utlandet, brevsjefens kontor, Postgiro, Postbanken og Postdirektoratet. Innimellan også beordring som poststyrar i Drøbak og på Grorud, når det vanta plassansvarlege personar.

## Dansaren

Lett på foten  
og med hug  
til å dansa  
tok han fatt på  
danseskule for  
moderne dans i  
1960.



Noko seinare vart det kurs i gammaldans i regi av Oslo Fylkeslag (BLS) med *Magnhild Vinsrygg* som rettleiar.

I 1963 var det Nordleik i Oslo, og Olav var med. Året etter kunne Sognelaget i Oslo runda 50 år og feira stort i Landbrukssalen. Begge desse to hendingane var medverkande til at Olav vart med både i Sognelaget og ikkje minst i Sogn og Fjordaneringen. Kvart einaste år frå 1964 har Olav ikkje berre vore 'medlem' i ringen, men delteke på det meste av øvingar, kurs og tallause framføyningar.

Truleg er han den som utan avbrot har delteke på flest øvingar, dugnader, framsyningar og utanlandsturar i alle desse åra.

Olav møter framleis kvar einaste veke på dei faste øvingane i ringen!

Han var også ofte på Sognehytta og deltok på skirenn for Sognelaget.



Førre leiaren i laget, Anny Sollid, si aller siste 'embetsgjerning' somlagsleiar var å takka Olav for alt godt han har gjort også for Sogn og Fjordanelaget – og det gjorde ho med glede, vakre blomar og gode ord!

### Lagsarbeidaren

Han har vore med i styret for ringen i fleire bolkar. Var kasserar i 1967, 68 og 69, revisor i fleire år på 70- og 80-talet. Nestleiar i 1997 og 98. Vara til styret frå 1999 til og med 2004. I fleire tiår og framleis har Olav sytt for innkjøp av rekvisita og forbruksvarer til ringen. Han har dessutan sete i styret for Sogn og Fjordanelaget, som kasserar i fleire år.

17. mai dansar ringen kvart år på

fleire sjuke- og aldersheimar i Bærum, og her òg har Olav vore sjølvskriven deltakar mest kvart år.

Olav si liste over framsyningar og utanlandsturar er etter kvart så lang at den er uråd å ta med alt her. Fleire andre leikarringar fekk også augene opp for Olav når dei skulle ut på krevjande oppdrag og utanlands- turar. Hordaringen (6 turar), Symra, Moss leikarring og Hunar har alle hatt gleda av Olav som dansar.

Olav har òg vore en ivrig brigdespelar og har hatt stor glede av det også.

### Æresmedlem med fartstid

Frå 1965 til 2015, ei tidbolt på 50 år!, har Olav vore aktiv dansar, utan avbrot og med på utanlandsturar kvart år i regi av ringen eller andre leikarringar. Dessutan på folkedansstemner, representasjonsoppdrag og framsyningar.

Når folkedansarar snakkar om bunad-



Og jubilanten sjølv, Olav Kvam, var strålende nøgd med både blautkake, blomar og godord. Mjølk i kaffien heldt han seg som vanleg med sjølv...

## Olav sine utanlandsturar med folkedans

er i fleirtal, er det ofte ‘andre’ (ikkje-dansarar) som stussar – men når bunaden vert ‘arbeidsantrekk’ og i periodar mest dagleg, vert også bunader utslitne. Dette



**Tone Eid takka Olav med sine velvalde ord:**  
“Skulle gjerne gitt deg røde roser, men vil heller gi deg noen rosende ord”.

har Olav òg fått erfare. Første bunaden fekk har i 1966 og den neste i 1990 –

Olav er den som har lengst samanhengjande fartstid i ringen. Og han har heile tida vore velvillig og klar for både små og store utfordringar og oppdrag!

På 50-årsjubileet i 2004 vart Olav utnemnd til æresmedlem i Sogn og Fjordaneringen.

‘Lett trør han dansen framleis’, og til sommaren er det tur til Færøyane med bunad og dansesko for Olav og ringen.

**Anny**

- |      |  |
|------|--|
| 1966 | Nordleik i Odense, Danmark   |
| 1967 | Folkedansfestival i Dijon, Frankrike   |
| 1970 | Nordleik i Stockholm, Sverige  |
| 1971 | Leutkirch, Tyskland,<br>samан med Sandvika Musikkorps  |
| 1973 | Nordleik Espo, Finland   |
| 1974 | Island (1100-årsjubileet for landnåmet)  |
| 1975 | USA (for det meste Nord-Dakota)<br>samан med Bygdelagskoret, Sinsen<br>Ungdomkorps og songaren Norvalv<br>Garborg / pianist Kaare Ørnung |
| 1977 | Folkedansfestival i Santarem, Portugal   |
| 1979 | Folkedansfestival i Eibergen, Nederland  |
| 1981 | USA (Midt-Vesten) saman med Symra  |
| 1982 | Nordleik i Göteborg, Sverige   |
| 1983 | Romania saman med Laget for folke-musikk   |
| 1984 | USA (på kryss og tvers)  |
| 1985 | Nordleik i Åbo, Finland  |
| 1985 | Festival i Letterkenny, Irland   |
| 1986 | Folkedansfestival i Bursa, Tyrkia  |
| 1987 | Berlin, Tyskland, saman med Symra  |
| 1989 | Færøyane saman med Hunar leikraring og Eidsberg Trekkspillklubb  |
| 1989 | Folkedansfestival i Burgenland, Østerrike  |
| 1991 | Nordleik i Vejle, Danmark  |
| 1993 | Canada og USA  |
| 1994 | Nordleik i Linköping, Sverige  |
| 1995 | Tyskland og Tsjekkia saman med Symra   |
| 1997 | Nordleik i Vasa, Finland   |
| 1999 | Irland saman med Moss Leikraring   |
| 2001 | USA (Vestkysten) saman med Hordaringen   |
| 2003 | Nordleik i Næstved, Danmark  |
| 2004 | Polen saman med Symra  |
| 2006 | Nordleik i Göteborg, Sverige   |
| 2007 | USA (Vestkysten)   |
| 2009 | Nordleik i Lahti, Finland  |
| 2015 | Nordleik i Viborg, Danmark   |

I tillegg kjem turane til venskapsringen Norbergs Folkedansgille i Sverige, 8 turar dit i tidsrommet 1965–1982.

# **Protokoll frå årsmøtet i Sogn og Fjordanelaget i Oslo 2016**

**17. februar 2016 kl. 19.00 i Nordahl Bruns gt. 22, Oslo**

**Sak 1: Opning**, godkjenning av innkalling, val av ordstyrar, referent, protokollvitne og teljekorps  
10 medlemmer møtte. Anny Sollid ynskte vel møtt til møtet. Innkallinga vart samråystes godkjend.

## **Konstituering:**

Ordstyrar: Anny Sollid

Referent: Jofrid Holter

Protokollvitne: Berit Aamodt og Olav Kvam

Teljekorps: Martha Reksten og Agnar Hegrenes

Vedtak: Alle vart valde ved akklamasjon.

## **Sak 2: Godkjenning av saklista**

Vedtak: Saklista vart godkjend utan merknader.

## **Sak 3: Årsmelding for 2015**

Anny Sollid gjekk gjennom meldinga.

Medlemmer: Medlemstalet har gått ned frå 74 til 72 medlemmer.

Klubbefesten var vellukka med underhalding av Sigrid Moldestad og musikk av Spelemannslaget Fjelljom. Det var nærmere 170 frammøtte.

Presse- og PR-nemnda: Lagsavisa Tre Fjordar kom ut med 6 nummer. Ca. 20 personar får avis i posten, resten mottek avis som vedlegg til e-post.

Årsmeldinga for Sogn og Fjordaneringen 2015 vart teken til vitande.

Vedtak: Årsmeldinga for Sogn og Fjordanelaget vart samråystes godkjend utan merknader.

## **Sak 4: Rekneskap for 2015**

Hilmar Nummedal orienterte om rekneskapen. Revisjonsrapport vart lagd fram.

Vedtak: Rekneskapen til Sogn og Fjordanelaget vart samråystes godkjend.

Rekneskapen til Sogn og Fjordaneringen vart teken til vitande.

## **Sak 5: Medlemspengar 2017**

Styret hadde gjort framlegg om uendra medlemspengar for 2017:

kr. 400,- for vaksne, kr. 150,- for ungdom og kr. 0,- for born.

Vedtak: Styret sitt framlegg vart samråystes vedteke.

## **Sak 6: Arbeidsprogram og budsjett for 2016**

I 2016 er det 100 år sidan Sunnfjordlaget i Oslo vart skipa. Dette skal markerast på klubbefesten i november.

Vedtak: Styret sitt framlegg til arbeidsprogram og budsjett for 2016 vart samråystes vedteke.

## **Sak 7: Val**

Valnemnd: Agnar Kvellestad, Agnar Hegrenes og Martha Reksten.

Valnemnda hadde utarbeidd framlegg på tillitsvalde for 2016.

Desse vart valde ved akklamasjon:

### ***Styret***

Leiar: Agnar Kvellestad (1 år)

Styremedlem: Anny Sollid (attval, 1 år)

Styremedlem: Hilmar Nummedal (attval, 2 år)

Styremedlem: Jofrid Holter (attval, 2 år)

Styremedlem: Alv Reidar Dale (ikkje på val)

1. varamedlem: Martha Reksten (attval, 1 år)

2. varamedlem: Agnar Hegrenes (attval, 1 år)

### ***Hyttestyret***

Agnar Hegrenes (ikkje på val)

Dagfinn Aa (ikkje på val)

Andor Gjelsvik (attval, 2 år)

Oddvar Bjordal (attval, 2 år)

Jostein Bareksten (attval, 2 år)

### ***PR- og pressenemnda***

Alv Reidar Dale (ny, 2 år)

Ragnvald Halset (ikkje på val)

Elin Lovise Gjengedal (ikkje på val)

### ***Revisorar***

Arne Kvamme (attval, 1 år)

Ola Raftevold (attval, 1 år)

### ***Valnemnd***

Agnar Hegrenes og Martha Reksten. Styret får fullmakt til å peike ut ein 3. person.

### ***Representasjon***

Utsendingar til årsmøtet i BLS: Anny Sollid, Agnar Kvellestad og Alv Reidar Dale.

Varafolk: 1. Anne-Lise Berggren. 2. Oddgeir Havn.

Utsendingar til årsmøtet i Det Norske Teatret: Anny Sollid og Jofrid Holter. Vara: Agnar Hegrenes

### ***Godkjenning av styret i Sogn og Fjordaneringen:***

Desse vart valde på årsmøtet i ringen 19. januar 2016:

Leiar:

Nestleiar: Finn Stafsnes (2 år)

Kasserar: Axel Bugge (2 år)

Skrivar: Solveig Ness (1 år) – vald på medlemsmøte 26. januar

Styremedlem: Ingeborg Fagnastøl (1 år)

Varamedlem: Marit Haug Loen (1 år)

Varamedlem: Olav Kvam (1 år)

Valnemnd og styremedlemmer arbeider vidare for å finne leiar.

### **Sak 8: Bygdelagshuset**

Møtet vart avslutta med ein diskusjon om framtida for Nordahl Bruns gate. 22. Dette skal drøftast på årsmøtet i BLS. Styret vart bede om å kalle inn til medlemsmøte tysdag 29. mars kl. 18–19.

Jofrid Holter

Referent

Berit Aamodt

Protokollvitne

Olav Kvam

Protokollvitne

---

## **Slik som skal skje...**

Tilskipingane finn du også på nettsidene våre. Vi tek atterhald om endringar. Sjå

<http://www.sognogfjordanelaget.no/>

<http://sognogfjordaneringen.no> • <http://sognogfjordaneringen.no/461-2/>

- Kvar tysdag kl. 19–21.45 Leikarringen har folkedansøving i Halli
- 23.–24. april (laurdag/sundag) Dugnad og hyttehelg på Nordfjordhytta
- Laurdag 7. mai Dugnad på Pustut (Sunnfjordhytta)
- 28.–29. mai (laurdag/sundag) Rekeparty på Nordfjordhytta

Laget/ringen held til i Nordahl Bruns gate 22, og laget sin konto er 0531 27 71723

### **Lagsavisa Tre Fjordar – fristar mm.**

Frist for å senda inn stoff til neste avis er **18. mai**. Send stoff til bladet i vanleg Word.

Bilete; helst digitale (som jpg.). Send til [a.r.e.dale@uniforum.uio.no](mailto:a.r.e.dale@uniforum.uio.no) (sjå baksida).

# Vellykka kurs i *Vestlandsspringar*

**Lørdag 13.**

**februar** var vi på “heldags-kurs” for å lære oss den flotte dansen fra vest. Dagfinn og Marit var gode instruktører, dette hadde de gjort før!

Vi var totalt 23 personer til stede i Halli den dagen. De fleste kjente i Sogn og Fjordaneringen, men også noen deltagere utenfra. Noen hadde nok danset springar før, men likevel begynte undervisningen med grundig innlæring av steg og takt. Med blid, positiv og hyggelig instruksjon, var det god stemning på gulvet, og de ulike turene ble drillet inn med liv og lyst.

Midt på dagen hadde Anne-Tove stelt i stand deilige lunsj til alle. Vi fikk oss en velfortjent pause for føttene og hyggelig sosialt fellesskap rundt bordene.

Deretter var det ny økt på gulvet, og resten av dansen ble innlært. På slutten av dagen hadde Dagfinn et interessant, lite foredrag der han fortalte litt om Vestlandsspringarens opprinnelse og historie.

Vi kommer gjerne tilbake på flere slike flotte kurs.



*Torgunn og Arne Kvamme (Tekst og foto)*

# Lyst til å bli med *til Røros?*

## Røros-leken 6.–8. mai 2016

Hogne Tellnes har kjørt buss til Røros-leken 2012, 2013, 2014 og 2015. Det blir ny tur 6.–8. mai 2016. Røros-leken er viden kjent og samler nesten 300 dansere fra hele Sør-Norge, år etter år.

(**Bladstyraren skal i veg og tilrår turen på det sterkeste; vårens vakraste!**)

## PROGRAM

### Fredag 6.:

Kl. 10.00 Avreise fra Oslo, som i fjer fra parkeringsplassen bak Operaen. Lunsjpause underveis, egen betaling.

Kl. 20–24 “Bli kjent kveld” i Gymbygget.

Musikk: Brekken spellmannslag

### Lørdag 7.:

Kl. 12–15: “Middagsdans” i Sangerhuset.

Musikk: Glåmos spellmannslag.

Kl. 19–02 **Leikfest i Gymbygget**. Musikk: Gränslaget. Middag, kaffe og kaker inngår i billetten

### Søndag 8.:

Kl. 11–14: “Etterpålag” i Sangerhuset.

Musikk: Mange gode, kjente spellemenn. Retur Oslo med spisepause underveis, egen betaling.

Antatt retur Oslo ca. kl. 21–22 (avhengig av trafikken).

## OVERNATTING

Vi har reservert rom til 40 stk. på **Erzscheidergården** (samme sted som tidligge-

re) <http://www.erzscheidergaarden.no/>.

Sengene er fordelt på 2 stk. leiligheter med 4 senger, 2 stk. 3-sengsrom, 13 dobbeltrom.

## TRANSPORT

Vi leier buss, JVB tur AS. Hogne Tellnes er sjåfør, kjent hardingfelespiller og danser fra folkedansmiljøet i Oslo. Det er plass til 49 i bussen, og vi håper at vi klarer å fylle den. Noen ledige plasser.

## PRIS

- Busstransport, Oslo – Røros tur/retur kr. 675,-.
- Gjennomgangsbillett til alle arrangement, inkludert leikfesten: kr. 700,-.
- Mat underveis kjøpes av hver enkelt.
- Betaling for overnatting gjøres av hver enkelt på stedet de bor.

Det er fortsatt 5 plasser ledig både i bussen og på Erzscheidergården, hvor de fleste skal bo. Er det noen som har lyst til å være med og som ikke har meldt seg på? Benytt sjansen nå!

**Påmelding til Svein Aasen**, mobil 482 99 981 eller e-post: [svein.aasen@multiconsult.no](mailto:svein.aasen@multiconsult.no) el. [sveinaasen47@gmail.com](mailto:sveinaasen47@gmail.com) så raskt som mulig **innen 8. april 2016**.

Kontakt meg gjerne for nærmere informasjon.



---

---

## STYRET

**Leiar:** Agnar Kvellestad 22 49 45 96 (p) - 90 53 36 96  
agnar.kvellestad krøllalfa nmbu.no

**Kasserar:** Hilmar Nummedal 22 68 92 78 (p) - 92 06 72 63  
hilmar krøllalfa getmail.no

## PRESSE & PR

**Leiar:** Alv Reidar Dale 97 82 62 48(p) - 22 85 63 48 (a)  
a.r.e.dale krøllalfa uniforum.uio.no

## HYTTESTYRET

**Leiar:** Agnar Hegrenes 92 49 64 38  
agnar.hegrenes krøllalfa nibio.no

**Kontakt Sunnfjordhytta:** Andor Gjelsvik 21 92 02 05 (p) - 91 55 10 58 (a)  
andorgj krøllalfa frisurf.no

**Kontakt Nordfjordhytta:** Dagfinn Aa 67 90 61 34 (p) - 21 09 48 02 (a)  
daa krøllalfa ssb.no

## SOGN OG FJORDANDERINGEN

**Nestleiar:** Finn Stafsnes 90 82 12 27  
Fi-stafs krøllalfa online.no

---

**Sendar:** **SOGN OG FJORDANELAGET I OSLO**  
**Nordahl Brunsgate 22**  
**0165 Oslo**

---